«Målet for opplæringa er å ruste barn, unge og vaksne til å møte livsens oppgåver og meistre utfordringar saman med andre. Ho skal gi kvar elev kompetanse til å ta hand om seg sjølv og sitt liv, og samtidig overskott og vilje til å vere andre til hjelp.» *

Heim-skule-samarbeid:

HAR DU EIT BARN SOM BRUKER ELLER VIL LÆRE TEIKNSPRÅK PÅ SKULEN?

* Sitat framsida: Frå den generelle delen av læreplanen, innleiinga.

Kjære foreldre

Det er dei vaksne som skal danne nettverk som gir barna ein trygg skulekvardag. Det er ikkje utdanningsnivået ditt eller kunnskapen du har om skulefaga, som har mest å seie. Det viktigaste er at du viser positive haldningar til skulen og er interessert i skulearbeidet.

Forsking viser at når foreldra har eit godt samarbeid med skulen og med kvarandre, gir det eit betre læringsmiljø generelt og aukar læringsutbytet til det enkelte barnet i skulen.

Ved å ta på deg eit verv som tillitsvald kan du aktivt medverke i arbeidet med å skape eit godt skulemiljø og leggje til rette for at elevane opplever både fagleg og sosial meistring. Vi veit at bak mange dårlege karakterar skjuler det seg mobbing og mistrivsel. Det er viktig at foreldra engasjerer seg – også i dei formelle organa i skulen!

Her skjer det mykje som påverkar skulekvardagen til barnet ditt her og no, og som kan bidra til å gjere barnet ditt godt rusta for framtida!

Helsing Foreldreutvalet for grunnopplæringa

- Sjå filmen *Foreldre tel i skulen*: www.fug.no/foreldre-teller-i-skolen.5085970-255314.html
- Les meir: fug.no/foreldrerepresentanter

«Samiske elevar som har nedsett høyrsel, lærer teiknspråk på skulen. Dei har rett til å ha både teiknspråk og samisk som førstespråk, og så er norsk andrespråket deira. Dette er veldig viktig for å sikre at dei får den støtta dei treng for å få ei likeverdig opplæring og samtidig behalde og styrkje både den samiske identiteten sin og den kulturelle tilhøyrsla. Det finst ikkje noko samisk teiknspråk, derfor er det norsk teiknspråk desse elevane lærer. Dei store teiknspråkmiljøa finn vi først og fremst i ein norsk kulturell kontekst, og det finst ingen samiske teiknspråkmiljø i Noreg. Samiske elevar kan derfor oppleve at teiknspråket ikkje alltid er dekkjande når dei skal snakke om kulturen sin – det er rett og slett ikkje etablerte teikn for alle dei samiske omgrepa.»

Statped nords arbeidslag SEAD/Høyrsel ved Lena Halvorsen og Gunn Irene Suhr

Enkle råd for kommunikasjon

- Sei hei og gi positiv merksemd.
- Reduser bakgrunnsstøyen så mykje som mogleg.
- Ha blikkontakt før du seier noko, slik at den du snakkar med, får konsentrere seg og kan få med seg bodskapen frå byrjinga.
- Snakk éin om gongen.
- Sjå rett på den du snakkar med, og snakk tydeleg.
- Ver sikker på at den du er i samtale med, oppfattar kva som blir sagt. Gjenta viktig informasjon om nødvendig.

Solskinshistorie:

«Dottera vår går i 2. klasse og bruker teiknspråk. Då ho begynte i 1. klasse, hadde ikkje skulen klart å få tak i teiknspråklærar, så dei valde å gi teiknspråkutdanning til ein lærar. Dottera vår har teiknspråkundervisning etter skuletid tre dagar i veka, og då er to medelevar med òg. Alt i klassen skjer på teiknspråk, til og med når dottera vår ikkje er på skulen. Det er viktig for lærarane at teiknspråk skal vere naturleg for klassen. Alle dei andre klassetrinna får òg lære nokre teikn. Det heng plansjar med teikn over store delar av skulen. Dottera vår har teiknspråklærar, og kontaktlæraren og assistenten kan mange teikn som dei bruker heile tida. SFO-personalet blir òg kursa. Dersom vi lurer på noko, er urolege for noko eller vil komme med eit råd, blir vi alltid tekne godt imot.

Då dottera vår skulle begynne i 1. klasse, blei vi kontakta av foreldra til andre barn, som fortalde at dei ønskte å ha barnet sitt i same klasse som dottera vår. Eg møter ofte foreldre som stolt fortel om alle teikna barna kan, og som synest dei er heldige som får tilgang til teiknspråk.

Teiknspråklæraren fortalde meg no nyleg at ho ønskjer å utdanne seg vidare innanfor teiknspråk, slik at ho kan undervise på teiknspråk på meir enn berre småskulen. Ho viser verkeleg engasjement.»

Kva er teiknspråk?

Av Sonja Myhre Holten
Seniorrådgivar | seksjon for språkrøkt og språkrådgiving, Språkrådet

Norsk teiknspråk er det eldste og største minoritetsspråket i Noreg og er ein del av det norske språkmangfaldet. Det er truleg mellom 16 500 og 25 000 personar som snakkar norsk teiknspråk i Noreg. Norsk teiknspråk har dialektar og ungdomsspråk med slanguttrykk. Svensk teiknspråk og norsk teiknspråk er svært forskjellige og er ikkje i slekt med kvarandre, slik talt svensk og norsk er. I nesten heile Europa blir teiknspråka no rekna som eigne og fullverdige språk.

Norsk teiknspråk har ein heilt annan grammatikk enn norsk. Mange trur at norsk teiknspråk er ei slags forkorta og taus form for norsk utført med hendene, men slik er det ikkje. Somme trur dessverre framleis på myten om at teiknspråk er skadeleg for høyrselshemma barn, og at dei fleste greier seg med å munnavlese norsk og samtidig støtte seg til eit høyreapparat eller kokleaimplantat. Det er ei vanleg feiloppfatning. Alle har den same retten til å ha eit språk og få utvikle og bruke førstespråket sitt.

Det tok lang tid før teiknspråka blei anerkjende som «ekte» språk. Forsking på teiknspråk begynte med William C. Stokoe først i 1960. Han fann ut at amerikansk teiknspråk hadde dei same eigenskapane som talespråk, men med eitt unntak: Teiknspråka blir ikkje overførte med lydar, men med visuelle signal i ansiktet og med rørsler i armane og hendene.

Norsk teiknspråk er eit visuelt-gestuelt språk i motsetning til talespråk, som er auditivt-vokalt. Det vil seie at ein må bruke synet for å forstå teiknspråk, og at ein må bruke synlege gestar både med hendene og kroppen når ein ønskjer å formidle ein bodskap. Norsk teiknspråk er derfor heilt uavhengig av høyrsel. Teiknspråket fortel om noko og viser eigenskapar ved handlingar og ting gjennom forma og rørslene til hendene og gjennom uttrykket og rørslene til hovudet og ansiktet.

Teiknspråklege høyrselshemma barn har rett til å lære teiknspråk i eit godt teiknspråkleg miljø. Det er foreldra som bestemmer om skulen skal tilby undervisning i og på teiknspråk, uavhengig av høyrselsstatus. Teiknspråk er dessutan eit vakkert og naturleg språk som både klassen og vennene burde lære seg.

Nokre lover som gjeld i skulen

FNS BARNEKONVENSJON:

«Vaksne skal gjere det som er best for barn.» (Artikkel 3)
«Alle barn har rett til å seie meininga si, og meininga deira skal bli teken på alvor.» (Artikkel 12)
«Barn med funksjonsnedsetjing har den same retten til omsorg, skule og utdanning som alle andre.» (Artikkel 23)
«Alle barn har rett til ein god skule som gir dei nødvendig kunnskap og utvikling.» (Artikkel 29)

FNs konvensjon for menneske med nedsett funksjonsevne (òg kjend som CRPD):
Barn med nedsett funksjonsevne (Artikkel 7)
Tilgjenge (Artikkel 9)
Utdanning (Artikkel 24)

BARNELOVA:

§ 30 Barneloven
Innhaldet i foreldreansvaret.
Barnet har krav på omsut og omtanke frå dei som har foreldreansvaret. Dei har rett og plikt til å ta avgjerder for barnet i personlege tilhøve innanfor dei grensene som §§ 31 til 33 set. Har foreldra sams foreldreansvar, skal dei ta avgjerdene saman. Foreldreansvaret skal utøvast ut frå barnet sine interesser og behov.

§ 31 Barneloven
Rett for barnet til å vere med på avgjerd
Etter kvart som barnet blir i stand til å danne seg eigne synspunkt på det saka dreiar seg om, skal foreldra høyre kva barnet har å seie før dei tek avgjerd om personlege forhold for barnet. Dei skal leggje vekt på det barnet meiner alt etter kor gammalt og modent barnet er. Det same gjeld for andre som barnet bur hos eller som har med barnet å gjere.

▶ Les meir:
barneombudet.no/dine-rettigheter/barnekonvensjonen/
www.regjeringen.no/globalassets/upload/bld/sla/funk/konvensjon_web.pdf
www.fn.no/Om-FN/Avtaler/Menneskerettigheter/Konvensjon-om-rettighetene-til-personer-med-nedsatt-funksjonsevne

Til foreldre som har barn som bruker teiknspråk, eller som gjerne vil lære teiknspråk

Solskinshistorie:

TENK OM FLEIRE VAR SOM I DENNE BOKSEKLUBBEN:

Tiåringen skulle begynne med idrett. Det lokale allidrettslaget var avvisande. Dei «hadde ikkje erfaring med høyrselshemma», og dei ville ikkje la guten ha med seg følgjeperson inn i gymsalen. Nedslåande og uverdig, syntest eg. Men eg orka ikkje ta kampen for å slåst han inn i ein klubb der han ikkje var velkommen. Det gjorde ikkje så mykje, skulle det vise seg. Guten sjølv ville helst drive med boksing. Absurd og umogleg, tenkte eg. Men så prøvde eg likevel og kontakta ein bokseklubb i nabokommunen. Der var det opne dører. «Viss han har lyst til å bokse, er han hjarteleg velkommen», sa trenaren. Høyrselshemming speler inga rolle her. Den ivrige tiåringen min tok snart fleire merke, og då med teiknspråktolk i ringen. Dette hadde eg aldri trudd eg skulle oppleve i ein boksering, høyrde eg den eine dommaren seie etterpå. Ein dag ringde leiaren for klubben og fortalde at no hadde han og eit par av dei eldste gutane meldt seg på teiknspråkkurs. Dei innsåg at dei trong det for å kommunisere godt med denne medlemmen, og dei gledde seg til å lære. «Det er jo jobben vår å tilpasse oss», sa han. Eg blei så rørt og tilbydde meg å søkje støtte til det frå eit fond for funksjonshemma. «Funksjonshemma?» sa trenaren. «Eg synest ikkje vi har nokon funksjonshemma her i klubben, eg.» No er guten blitt sytten og eit halvt år, og han boksar framleis i den same klubben. Det er godt miljø i denne klubben.

Råd:

- Ver open om at du har eit barn med høyrselshemming og som bruker teiknspråk.
- Ver positiv til å dele kunnskap og informasjon med dei andre foreldra.
- Fortel andre foreldre og barn om fordelane ved å lære teiknspråk.
- Engasjer deg i FAU.
- Etabler god dialog med skulen. Du er heilt avhengig av eit tett samarbeid med skulen for at barnet skal få ein god skulekvardag.
- Foreldre har rett og plikt til å bestemme for barnet i personlege forhold, slik som i språkval. Barnelova § 30 gir reglar om innhaldet i foreldreansvaret.

RETTAR: Det er foreldra som vel om barn skal ha teiknspråk som førstespråk. Det betyr at eleven får opplæring i og på teiknspråk på skulen. (Retten til teiknspråk etter opplæringslova § 2-6 eller § 3-9 blir utløyst ved eit enkeltvedtak.) Elevar som har opplæring i og på teiknspråk, skal ha faget teiknspråk i tillegg til andre fag. Det fører til at dei får fleire skuletimar. Skulen fordeler timane mellom teiknspråk og norsk i samråd med foreldra. Kommunen kan bestemme at opplæringa kan bli gitt på ein annan skule enn nærskulen, men opplæringa skal ikkje skje utanfor kommunen.

- Les meir: www.statped.no/fagomrader-og-laringsressurser/horsel/tegnsprak/tegnsprakopplaring-etter-2-6/

Dersom ein elev berre ønskjer å følgje læreplanen i teiknspråk, er alternativet å følgje den ordinære opplæringa og eventuelt få teiknspråkopplæring etter opplæringslova kapittel 5-1 om spesialundervisning. Eit anna alternativ er å velje teiknspråk som framandspråk dersom skulen tilbyr det. Dersom eleven vel å få teiknspråkopplæring gjennom spesialundervisning, blir ikkje eleven vurdert og får heller ikkje noko bevis på at han eller ho kan teiknspråk. Det kan òg gå utover opplæringa i andre fag på skulen.

- Les meir: www.statped.no/fagomrader-og-laringsressurser/horsel/tegnsprak/opplaring-i-tegnsprak-etter-5-1/

Dersom kommunen ikkje kan tilby teiknspråkopplæring sjølv, kan elevane få teiknspråkopplæring hos Statped gjennom deltidsopplæring.

- Les meir: www.statped.no/tjenester/deltidsopplaring/deltidsopplaring/om-deltidsopplaringen/



Til dei andre foreldra

Solskinshistorie:

«Då dottera vår skulle begynne i 1. klasse, blei vi kontakta av foreldra til andre barn, som fortalde at dei ønskte å ha barnet sitt i same klasse som dottera vår. Eg møter ofte foreldre som stolt fortel om alle teikna barna kan, og som synest dei er heldige som får tilgang til teiknspråk.»

Råd:

- Oppfordre barnet ditt til å leike med alle.
- Ver ein god rollemodell. Ta kontakt med alle dei andre foreldra.
- Hugs at høyrselshemma barn kan bli slitne av både auditive og visuelle inntrykk og kan trenge ein pause.
- Dersom du skal invitere til bursdag, kan du ringje til tolketenesta for høyselshemma og bestille tolk.
- Ver nysgjerrig og ver positiv til å lære noko nytt.
- Sei hei og gi positiv merksemd.
- Ha blikkontakt før du seier noko, slik at den du snakkar med, får konsentrere seg og kan få med seg bodskapen frå byrjinga.

▶ Les meir: *Vennskap mot mobbing:* www.youtube.com/watch?v=SNOLUt8U8wg

EIHANDSALFABETET

A

A (2)

B

C

C (2)

D

D (2)

E

F

F (2)

G

H


H (2)

I

J

K

L

M

N


O

O (2)


P

P (2)

Q

R


S

T

U

V

W

W (2)


X



X (2)

Y (2)

Y (2)


Z

Z (2)

Æ

Ø


Ø (2)

Å

Å (2)

FORELDREUTVALET FOR GRUNNOPPLÆRINGA

Teiknspråk i klassen

Av Ellinor Hjelmervik
Tidlegare seksjonsleiar ved Høgskolen i Bergen og Statped

Mange barn har nytte og glede av å lære teiknspråk. Det gjeld sjølvsagt dei som har nedsett høyrsel, men det viser seg at også barn med forseinka språkutvikling eller med eit anna morsmål enn norsk har god nytte av å ha tilgang på teikn eller teiknspråk. Det synlege språket støttar utviklinga av ordforråd og omgrep.

Norsk teiknspråk er eit offisielt språk i Noreg, og elevar som har teiknspråk som førstespråk, har rett på opplæring i språket. Somme skular tilbyr òg teiknspråk som valfag eller framandspråk. Teiknspråk er altså eit språk som blir brukt av fleire enn dei som høyrer lite eller ingenting, og det blir stadig meir populært blant barn og unge.

Å LÆRE TEIKNSPRÅK

Barn tileignar seg språket i omgivnadene og utviklar seg gjennom språkleg samhandling med andre barn og vaksne. Barn har behov for å vere aktive deltakarar i det språklege samspelet med omgivnadene.

I 1997 fekk elevar som har teiknspråk som førstespråk, rett til opplæring i og på teiknspråk, uavhengig av kva for ein skule dei går på. Det blei innført eigne planar i faga teiknspråk, norsk, engelsk og drama/rytmikk. Skulemyndigheitene la grunnlaget for funksjonell tospråklegheit hos denne elevgruppa ved at både teiknspråk og norsk er reiskapar til kommunikasjon og læring.

Det er utvikla fleire visuelle kommunikasjonssystem som blir brukte i ansikt-til-ansikt-kommunikasjon, til dømes norsk med teiknstøtte, men berre teiknspråk er eit fullverdig *språk*. Teiknspråk tilfredsstiller alle krava ein stiller til eit språk. Som andre språk er det ein reiskap for kommunikasjon og samspel, og det opnar for å uttrykkje tankar og behov, innhente informasjon, forstå årsaker og samanhengar og dermed òg sikre ei normal utvikling både språkleg, sosialt, emosjonelt og intellektuelt. Teiknspråk hindrar ikkje norskopplæringa, tvert imot er det ein eigna reiskap for å lære norsk.

DELTAKING I FELLESSKAPET I KLASSEN

Med tanke på at dei sosiale relasjonane og samanhengane barnet deltek i, har mykje å seie for læringa til barnet, er det heilt sentralt at teiknspråklege elevar deltek i språkleg samhandling og leik med andre elevar og vaksne i klassen.

Leik blir utvikla gjennom språk, og språk blir utvikla gjennom leik. Arbeidet med å oppnå deltaking i den uformelle leiken er kanskje det som er mest utfordrande når det gjeld elevar med høyrselstap. Korleis læraren skal leggje til rette for deltaking, vil


VIL
DU
VERE
MED
HEIM
TIL
MEG
ETTER
SKULEN?

vere avhengig av ei rekkje forhold, til dømes alderen på eleven, graden av høyrselstap, språkutviklinga, samansette vanskar og bruken av talespråk eller teiknspråk.

SAMHANDLING

Høyrande barn deltek i språkleg samhandling med kvarandre på ulike måtar, mellom anna ved å stille spørsmål, noko dei lærer ved å overhøyre samtalar. Høyrselshemma barn kan gå glipp av dette dersom læraren ikkje legg til rette for at barnet får observere og oppfatte samtalar, spørsmål og svar i ulike situasjonar.

Talet på elevar i klassen er avgjerande for at den høyrselshemma eleven skal lære, trivast og utvikle seg. Ei stor gruppe barn skaper meir uro, er meir uoversiktleg og lagar meir støy enn ei mindre gruppe. Derfor kan det vere fornuftig at høyrselshemma elevar er i mindre grupper, slik at det er mogleg for alle å delta i den språklege samhandlinga. Medelevane lærer seg ofte ganske gode strategiar for å kommunisere med den høyrselshemma eleven. Dei skjønner fort korleis dei skal få merksemd, at augekontakt er ein føresetnad, og at dei må snakke tydeleg, ikkje snakke i munnen på kvarandre og ikkje lage for mykje støy. Er barnet teiknspråkleg, er denne gruppa eigna til felles teiknspråkleg kommunikasjon og opplæring.

TEIKNSPRÅK FOR HØYRANDE BARN

Mange foreldre til høyrande barn er positive til teiknspråk og er interesserte i at barnet deira skal lære det. Høyrande barn er ofte nysgjerrige på teiknspråk og ivrige etter å lære det. Når dei høyrande barna òg får tilbod om opplæring i teiknspråk, får den høyrselshemma eleven eit teiknspråkleg miljø der kommunikasjonen kan skje utan slit og trening. Då er det gode føresetnader for å delta på linje med dei andre elevane i klassen.

For at ei teiknspråkleg gruppe skal fungere, må det vere vaksne med teiknspråkkompetanse i klassen. Vidare vil det vere nødvendig å skaffe teiknspråkleg materiell og læremiddel som er tilpassa det aktuelle klassetrinnet. Dei siste 10–15 åra er det utvikla mykje videobasert teiknspråkleg materiell og læremiddel i Noreg som er lett tilgjengeleg på nettet (www.statped.no og www.erher.no).

KLASSEN TILPASSAR SEG ENKELTINDIVIDET

På denne måten vil klassen tilpasse seg enkeltindividet, altså den teiknspråklege eleven, og vere eit godt døme på inkludering.

Teiknspråk inneber ein meirverdi for dei andre elevane og for læringsmiljøet. Dei fleste barn profitterer på å kunne fleire språk, og det viser seg at fleirspråklege barn ofte skårar betre på problemløysingsoppgåver.

Til kontaktlærer/skole som får en elev som bruker tegnspråk

Solskinshistorie:

«Vi har ei dotter som er tunghøyrd. Klara begynte i 1. klasse på Halmstad sist haust. Skulen har vore einestående. Då ho begynte, hadde ho ikkje § 2-6 enno, men likevel var teiknspråklæraren på plass frå første dag. Alt av hjelpemiddel var på plass, og eitt trinn hadde bytt klasserom, slik at klassen til dottera vår skulle få det rommet med best lys og lyd.

Det var 30 elevar på trinnet. Trinnet blei delt, slik at Klara skulle få gå i ein klasse med 14 elevar. Heile trinnet lærer enkle teikn og har alltid tre veketeikn på vekebrevet. Både lærarar og leiinga har delteke på samlingar i Statped og får rettleiing frå dei. I morgon skal rettleiaren vår i Statped inn på trinnet og snakke med elevane om det å vere høyrselshemma, og det er sett av fellestid for alle lærarane på skulen der dei skal lære meir om teiknspråk og dei utfordringane dottera vår har i samband med høyrselstapet.

Skulen er òg flink til å følgje opp både før og etter at ho har vore på deltidsopplæring på Hovseter. Vi har hatt skulen med oss heile vegen. Dei deltok òg på møte før skulestart, og dei var interesserte i å gjere alt klart før skulestart. Vi kan ikkje få fullrost skulen nok for den mottakinga Klara har fått, og for forståinga og engasjementet dei har vist. SFO har òg spelt på lag og viser stor forståing for utfordringane til dottera vår. Vi er heldige som har Klara på Halmstad skule, for eg vet at ikkje alle har møtt den same velviljen som oss.»

Råd:

- Skulen må ta ansvar for elevane og ikkje overlate ansvaret til den enkelte kontaktlæraren.
- Alle barn har behov for å vere ein del av klassefellesskapet.
- Foreldra har rett og plikt til å bestemme for barnet i personlege forhold, slik som i språkval. Barnelova § 30 gir reglar om innhaldet i foreldreansvaret.
- Snakk positivt om fordelane med å ha ein høyrselshemma elev i klassen.
- Fortel elevane kor heldige dei er som både får lære seg eit nytt språk og får kunnskap om kva det vil seie å vere høyrselshemma.
- Hugs at høyrselshemma barn kan bli slitne av både auditive og visuelle inntrykk og kan trenge ein pause.

RETTAR: Det er foreldra som vel om barnet skal ha teiknspråk. Eleven kan få teiknspråkopplæring som spesialundervisning etter § 5-1 i opplæringslova (lovdata.no) dersom han eller ho ikkje har godt nok utbyte av den ordinære opplæringa på grunn av eit høyrselstap eller ønskjer opplæring etter § 2-6, men ikkje ønskjer å gå på ein annan skule enn den lokale skulen for å få slik opplæring. (Les meir: http://www.statped.no/fagomrader-og-laringsressurser/horsel/tegnsprak/opplaring-i-tegnsprak-etter-5-1/)

KØYREREGLAR I UNDERVISNINGA

Av Mona Vilberg, spesialpedagog (Vetland skule og ressurssenter for høyrselshemma)

- Bruk alltid høyrselsteknisk utstyr. Det er du som har ansvaret – ikkje eleven!
- Sørg for at undervisninga er strukturert – ver føreseieleg.
- Ha alltid ansiktet vendt mot elevane når du snakkar.
- Stå i ro når du snakkar – det er lettare å høyre deg når du er roleg.
- Ver tydeleg og snakk roleg.
- Bruk visuelle hjelpemiddel som bilete, gjenstandar eller PowerPoint.
- Ikkje snakk mens du skriv på tavla eller på smart board.
- Elevane må rekkje opp handa før dei får/tek ordet, slik at den høyrselshemma får tid til å sjå kven som snakkar.
- Lær elevane at dei skal snakke med ansiktet opp. Dei kan gjerne reise seg.
- Ver tydeleg på turtaking i diskusjonar.
- Når de er ute, på museum o.l., må du alltid hugse å samle gruppa før du snakkar (ikkje snakk mens de går).

Det er mykje som skal leggjast til rette – begynn gjerne to år på førehand:

- Klassen bør vere liten.
- Lærarar, også vikarar, må få kurs/utdanning (minst 30/60 studiepoeng).
- Rom må sjekkast og gjerast i stand.
- Teknisk utstyr må vere på plass.
- Det bør henge synlege teikn i klasserommet og fellesarealet, slik at elevane kjenner seg velkomne overalt på skulen.

▶ **Sjekkliste: www.udir.no/laring-og-trivsel/sarskilte-behov/horselshemmede/tilretteleggingstiltak/god-tilrettelegging/**

«Kvaliteten på klassen som sosialt system legg premissar for utviklinga og læringa til elevane, både sosialt og fagleg. Eit av dei mest sentrale elementa i dette sosiale systemet er samspelet mellom lærar og elev (Luckner & Pianta, 2011). Det er læraren som har ansvaret for at klassen fungerer positivt, mellom anna gjennom sine eigne relasjonar til elevane og ved å regulere samspelet elevane imellom.»

▶ **Les meir: Udir.no: Skolemiljø/ Lærer–elev-relasjonen og elev–elev-relasjoner**

Kven gjer kva?

HEIMEN

- Tek tak i det barnet er oppteke av, og set ord/teikn på det
- Samarbeider med skulen
- Er den som formelt søkjer PPT

SKULEN/KOMMUNEN

- Gir opplæring sosialt og fagleg
- Legg til rette
- Samarbeider med heimen
- Søkjer PPT på vegner av foreldra
- Fattar enkeltvedtak
- Skaffar lærar og tolk om nødvendig PPT
- Utarbeider sakkyndig vurdering
- Søkjer Statped om høyrselsfagleg støtte

STATPED

- «Se mitt språk!», innføringskurs for foreldre
- Deltidsopplæring for elevar
- Kursrekkja «God start for eleven»
- Innføringskurs i teiknspråk

UTDANNINGSDIREKTORATET

- Rammeverk og innhald i opplæringa
- Eigne læreplanar i faga teiknspråk, norsk, engelsk og drama og rytmikk
- Rettar og læringsmiljø

FUG

- Informasjon og råd om heim-skule-samarbeid

FYLKESMANNEN

- Klageinstans dersom ein er ueinig i vedtak eller ikkje får det oppfylt



Kva seier lova om heim–skule-samarbeidet?

«Foreldra / dei føresette har hovudansvaret for eigne barn og er svært viktige for motivasjonen og læringsutbytet til barna. Samarbeidet mellom skulen og heimen er sentralt med tanke på læringsvilkåra for den enkelte og læringsmiljøet i gruppa og på skulen. Ein føresetnad for godt samarbeid er god kommunikasjon. I samarbeidet vil gjensidig kommunikasjon om trivselen og den faglege og sosiale utviklinga til elevane stå sentralt. Samarbeidet mellom skulen og heimen er viktig i heile grunnopplæringa, men vil endre karakter og form etter kvart som elevane blir eldre og får større ansvar for si eiga læring og utvikling.

Samarbeid mellom skulen og heimen er eit gjensidig ansvar, men skulen skal ta initiativ og leggje til rette for samarbeidet. Opplæringslova, forskrifta til lova og læreplanverket dannar grunnlaget for samarbeidet, og foreldra / dei føresette skal ha eit reelt høve til å påverke det faglege og sosiale læringsarbeidet til sine eigne barn.

Heimen skal få informasjon om måla for opplæringa i faga, om den faglege utviklinga eleven har i forhold til måla, og om korleis heimen kan bidra til å fremje måloppnåinga til elevane. Vidare skal heimen ha informasjon om korleis opplæringa er lagd opp, og om kva slags arbeidsmåtar og vurderingsformer som blir brukte. Det må òg leggjast til rette for at foreldra / dei føresette får nødvendige opplysningar for å kunne delta i reelle drøftingar om utviklinga av skulen.»

▶ Les meir:
Opplæringslova § 1-2 og kapittel 3 i forskrifta (om prinsipp for opplæringa og læreplanverket for kunnskapsløftet) www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/samarbeid/hjem-skole-samarbeid/

«Dersom skulen skal fungere godt, krevst det ikkje berre at elevane kjenner kvarandre; foreldra må òg kjenne kvarandre og kvarandre sine barn. Det er nødvendig om dei skal kunne setje felles standardar for aktiviteten og åtferda til barna og dei unge. Skulen må hjelpe barna i utviklinga i forståing og samarbeid med heimane og trekkje foreldra med i utviklinga av miljøet rundt opplæringa og i lokalsamfunnet.»

▶ www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/generell-del-av-lareplanen/det-samarbeidande-mennesket/#eit-breitt-laringsmiljo-elevkultur-foreldredeltaking-og-lokalsamfunn



Fotograf: Marius Fossum
Illustratørar: Anna Fiske og Johanne Hjorthol
Innsideillustrasjonar: *La hendene snakke*! Aschehoug 2006 (gitt att med løyve frå forlaget)
Layout: Sandvik Design

Kvar kan du finne meir informasjon?

- Teiknspråk: www.tegnordbok.no (finst òg som app)

- Språkrådet: www.sprakradet.no/Spraka-vare/Tegnsprakteiknsprak/

- Statped: www.statped.no/fagomrader-og-laringsressurser/horsel/tegnsprak/
  Visuell teiknordbok: www.erher.no/materiell/vok-visuell_tegnordbok/source/index.html

- www.no.SignWiki.org
  Signwriting.org

Barn og unge med høyrselshemmingar:
- Informasjon frå Utdanningsdirektoratet for barnehagar og skular: www.udir.no/laring-og-trivsel/sarskilte-behov/horselshemma/
- Eller ei enklare lenkje: udir.no/horsel

- Statped: www.statped.no/fagomrader-og-laringsressurser/horsel/

Interesseorganisasjonar:
- Hørselshemmedes barns organisasjon: http://hhbo.no/
- Norges Døveforbunds Ungdom: www.ndfu.no
- Hørselshemmedes Landsforbund: www.hlf.no
- Norges Døveforbund: www.deafnet.no/tegnsprak/generelt
- Barn av døve foreldre: KODA (Kids Of Deaf Adults under 18) www.deafnet.no/om-oss/utvalg/koda

Læreplanverk:
- Generell del av læreplanen: www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/generell-del-av-lareplanen/

Kunnskapsløftet for høyrselshemma:
- www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/kunnskapsloftet-for-horselshemmede/

Rammeverk for grunnleggjande ferdigheiter i teiknspråk:
- www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/grunnleggende-ferdigheter/rammeverk-for-grunnleggende-ferdigheter-i-tegnsprak/

FORELDREUTVALET FOR GRUNNOPPLÆRINGA